
Voss og omland bompengeselskap AS

Organisasjonsnummer 986 435 085

PROTOKOLL ORDINÆR GENERALFORSAMLING 2015

På grunnlag av innkalling av 04.05.15 vart ordinær generalforsamling i Voss og omland bompengeselskap AS, opna av styreleiar Stein Inge Ryssdal, den 20.05.15, kl. 13.30 i Voss tinghus.

Av aksjonærane møtte:

Voss kommune	ved
Granvin herad	ved
Hordaland fylkeskommune	ved
Vik kommune	ved

Av aksjonærane møtte eigarar av 70 aksjar av totalt 70 aksjar, dvs 100 % av aksjesitsen var representert.

1. Godkjenning av innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga og generalforsamlinga vart erklært for lovleg sett.

2. Godkjenning av saksliste

Sakslista vart godkjent.

3. Val av møteleiar, protokollførar og protokoll

Som møteleiar vart Stein Inge Ryssdal vald. Arild Rogde vart vald til protokollførar og til å underteikne protokollen vart Stein Inge Ryssdal og Gunn Berit Lunde Aarvik valde.

4. Godkjenning av årsmelding

Styrets årsmelding vart gjennomgått og godkjent.

5. Godkjenning av resultatrekneskap og balanse med noter for 2014

Årsrekneskapen med noter og revisjonsmeldinga vart gjennomgått. Generalforsamlinga vedtok å fastsetje den framlagde årsrekneskapen for 2014, som selskapets rekneskap for 2014.

6. Val av styre

Det sitjande styret vart gjevalde. Styret består av:

Styreleiar:	Stein Inge Ryssdal	Hordaland fylkeskommune
Nestleiar:	Gunn Berit Lunde Aarvik	Voss kommune
Styremedlem:	Olav Turvoll	Vik kommune
Styremedlem:	Astrid F. Selsvold	Hordaland fylkeskommune
Styremedlem:	Morten Myksvoll	Hordaland fylkeskommune

Personlege varamedlemer i rekke:

Inger Ulvund	Hordaland fylkeskommune
Ingebjørg Winjum	Granvin herad (1. varamedlem for Voss og Vik sine styremedlemmer)
Sigbjørn Hauge	Voss kommune (2. varamedlem for Voss og Granvin sine styremedlemmer)

Arne Normann Hordaland fylkeskommune
Knut O. Nestås Hordaland fylkeskommune

7. Val av valnemnd

Valnemnda skal bestå av to personar, der den eine er leiar for nemnda.

Valnemnda som vart valgt:

Leiar Einar Lutro - Hordaland fylkeskommune
Medlem Bjørg Djukastein - Voss kommune

8. Fastsetjing av godtgjersle til styre

Generalforsamlinga vedtok følgjande styrehonorar, som forøvrig er uendra frå dei to føregåande åra:

Styreleiar: kr 55.500
Nestleiar: kr 19.250
Styremedlem: kr 16.700

Styrehonorar vert utbetalt ved frammøte på minimum 50 % av styremøta.

Varamedlemmer som møter mottar eit honorar på kr 2.260 pr styremøte dei møter på.

Styremedlemmer og varamedlemer får dekkja tapt arbeidsforteneste etter rekning, avrekna etter Hordaland Fylkeskommune sine retningslinjer.

9. Fastsetjing av honorar til revisor

Revisor sitt honorar på kr 35.000 vert godkjent etter rekning.

Generalforsamlinga vart deretter heva.

Voss, 20. mai 2015

Stein Inge Ryssdal

Gunn Berit Lunde Aarvik